

# STRANDA FOTBALL

## «HEIMEKAMPEN»

### Prosedyrer for barne -og ungdomskampar på Stranda Stadion 2026

Kiosk er ei viktig inntektskjelde for klubben -og eit viktig virkemiddel i å lage gode arrangement på Stranda Stadion. Kiosken skapar ein ekstra dimensjon og TRIVSEL rundt arrangementet.

#### **KIOSK: Barnekampar -og ungdomskampar →**

- Hente og signere ut skrinet på ESSO. Levere tilbake skrinet etter kamp (same kveld)
- To (2) stk personar deler på oppgava.  
Ungdom 13-17 år: Oppmøte 30/45 minutt før kampstart.  
Barn 9-12 år: Oppmøte 30 minutt før kampstart.
- Sette på kaffi etter behov.
- Vaffel: Vurdere salg av dette. Start med ein halv pose.  
VIKTIG: Forsøk å tenke at vi ikkje skal ha svinn på dette salget! Selge alt vi tilbereder.
- Fyll gjerne etter i kjøleskap frå lager.
- VIPPS -925177: Pass på at kjøpar «vippsar» og at varer er spesifisert i vippsen.
- Skjerm/TV i vindaug i storkiosken med kioskprisar.

#### **Prosedyre av kassabeholdning:**

- Telle opp beholdning av kassa.
- 2 personar signerer oppgjerskjema.
- Pengekonvolutt leggest i postkassa i kioskane.

#### **Speaker ansvarleg:**

På dei fleste kampar har vi speaker. Anten det er på minibana eller på hovudbana. Speaker vil informere om kva tilbud kiosken har denne dagen. Eksempel: Er det pølse m/brød eller vaffel til denne kampen.

#### **Klubbdommar:**

Stranda Fotball setter opp ungdom frå eigen klubb til å dømme desse kampane. Klubbdommarvest er stasjonert i lillekiosken og speakerbud på klubbhuset. Dommar får 1 stk brus i kiosken for jobben. Skjema for betaling av klubbdommar ligger i begge kioskane og i speakerbud.

#### **Rydde rutiner:**

Det er viktig at kiosken (kjøkkenet) vert vaska slik at det er klargjort til neste dag. Vaske bruk av kaffetraktar, vaffeljern, utstyr til koking av pølser. Det er bossdunkar utanfor kvar kiosk – tøm søppel etter kvar kamp (container ved parkering) Vaskeutstyr finner du i begge kioskane. Storkiosken har eige vaskerom «vegg i vegg»

LYKKE TIL med kampen og arrangementet 😊

Stranda Stadion; 01.04.2026